

Utvik sokneråd  
Edith Kårstad  
6797 Utvik

*dok 248*

Kultur- og kirkedep.	
KS	
Saksnummer	<i>200800738</i>
Dato	<i>2.9.08</i>
Kode	<i>Ki-501</i>
Beh.	

Kultur- og kirkedepartementet,  
Kirkeavdelingen,  
Postboks 8030 Dep.  
0030 Oslo.

**Høring- innstillingen. Styrket demokrati i Den norske kirke**

Vedlagt følger utskrift av Utvik sokneråd si møtebok, datert 26.06.08, sak 40/2008.

Med helsing  
6797 Utvik 01.09.08.

Utvik sokneråd

*Edith Kårstad*

Edith Kårstad

Sekretær

Vedlegg.



DEN NORSKE KYRKJA

Utvik sokneråd

---

### Soknerådsmøte i Utvik

År 2008, den 26. august, vart det halde møte i Utvik sokneråd kl. 19.00 i Barnesakrestiet.

Til stades var: Oddny Torheim, Karin Aaberg, Kjell Tisthamar, Jarle Tisthamar, Odd Roger Heggdal, Leiv Tore Kårstad kom til sak 37. Til dei første sakene var kyrkjetenar Geir Ståle Vatnamo kalla inn. Edith Kårstad møtte som sekretær.

### Sak 40/2008. Innstillingen. Styrket demokrati i Den norske kirke. Høyring

13. februar 2008 vart det oppnemnt ei arbeidsgruppe som skulle utarbeide forslag til tiltak som kan styrke det kyrkjelege demokratiet. Gruppa skulle særleg vurdere tiltak som kan

- styrke oppslutninga ved soknerådsvalet 2009.
- Styrke den demokratiske legitimiteten til ulike organ.
- Styrke prosessane rundt framtidig utvelging av prostar og biskopar.

Innstillinga vart levert Kultur- og kyrkjedep. 13. mai 2008, og er sendt ut til høyring. Fristen er 1. september.

### Utvik sokneråd si uttale:

#### I: Valordningar:

##### A. Val av sokneråd.

Det bør vere val av halve soknerådet annan kvart år, så det vert betre kontinuitet i soknerådsarbeidet.

##### B. Val av fellelråd.

Valordning som i dag.

##### C. Val av bispedømeråd/kyrkjemøte.

Direkte val av eit fleirtal leke medlemmar.  
3 medlemmar vert valde av sokneråda.

#### 2: Tid og stad for vala.

Det bør vere felles valdag over heile landet, same dag som stortingsvalet i 2009 og i 2011 samtidig med kommune- og fylkesvalet.

Vallokala må vere nærliggande. Vala må ha same opningstid.

Det må vere gode høve til å stemme på førehand.

#### 3. Utvelging av prostar og biskopar.

Bispedømeråda må få tilsetjinga av prostar.  
Kyrkjeråda må få tilsetjing av biskopar.

#### 4. Endring av namn.

Vi ønskjer ikkje endring av namn på sokneråd, fellestråd og bispedømeråd.

Referent: Edith Kårstad  
(sign.)

Leiv Tore Kårstad  
(sign.)

Karin Aaberg  
(sign.)